# Vetlberget

***Av Knut Raastad, skrivi i 2004***

*Dette ligg vest for Nebbneset ved vatnet i nørdre del av Nordherad. Vetlberget har også vorte kalla berre Berget, også i dag kan ein høyre dette av eldre folk. I 1812 vart Hans Johansen født på Berget, mora var Kari Syversdotter Grev f. 1787. Faren var Johannes Hansen f. ca. 1787, han var frå Sandneshagen og vart same året gift med ei enkje i Grasdalen. Kari kan ha drivi Vetlberget ei tid, men i 1830 vart ho gift med enkjemann Ole Gundersen Langrusten f. ca. 1771.*

*Hans Johannesen 1812-1873 var såleis nemnd i Langrusten da han gifta seg i 1839 med Marit Gundersdotter 1799-1869, dotter til Gunder Lillehaug i Lom og Anne Knutsdotter f. ca. 1873 d. 1822. Marit og mora var på Storvik i 1801, i 1825 budde Marit Gundersdotter på Gjelbakken. Hans og Marit var i 1840 i Næpnæsset, men i 1865 var dei i Lilleberget og Hans var nemnd som husfar, i 1875 er han borte. Hans og Marit hadde sonen*

*Johannes Hansen f. 1840-1849, drukna ved å falle i Vågåvatnet*

*Marit Gundersdotter hadde med ein Hans Olsen busett på Stranden dottera*

*Anne Hansdotter 1825-1885*

*Ho vart i 1867 gift med Hans Olsen Sandebakken 1837-1921. Hans Olsen er i 1867 nemnd som sjølveigar og Vetlberget er i 1877 nemnd som hevda eigedomsbruk i almenninga. Det var Hans som i 1881 bygsla Hestulen som underbruk til Vetlberget. Hans og Anne hadde barna*

*Marit f. 1864*

*Kari f. 1867, døydde fyrst på 1950-talet, neste brukar*

*Anne var 13 år gamlare enn Hans, og etter at ho døydde gifta han seg i 1886 opp att med Ragnhild Hansdotter Kleiven f. 1836, dotter til Hans Knutsen. Ragnhild var låkhelsa så dæ vart berre tyngsel att. I*

*1900 budde Hans og Ragnhild i Vetlberget saman med hennar dotter Kari Østensdotter f. 1876 og dotterdottera Ragnhild Olsdotter f. 1899.*

*Det var Kari Hansdotter som i 1907 fornya bygselen på Hestulen, og var da truleg eigar og brukar i Vetlberget. Utan å vera gift hadde Kari med den gifte Peder Olsen Skultbakken f. 1840 sonen*

*Hans f. 1887, neste brukar*

*Hans vart i 1917 gift med Rønnaug Engebretsdotter Imbertløkken f. 1886, Lalm. Da ho døydde på 1960-talet flytte Hans til gamleheimen, og Per Øyen overtok bruket.*

*I 1875 var det i Vetlberget 6 sauer og 7 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg, litt rug og ½ tønne poteter.*

*Kjelder: A.Skrede, Årbok for Gudbrandsdalen 1945: Han Hans Vetleberget, s. 40*

*O.M.Høgåsen, Årbok for Gudbrandsdalen 1965: Ulykker i Vågå .., s. 74*

*J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 61 og 258*

*Folketelling 1865, 1875, 1900*

*Festekontrakter*

*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*

*Anna Randen: munnleg fortalt*